

The logo for Fitjar fjellsameige features a stylized mountain range silhouette in shades of grey. The text 'Fitjar fjellsameige' is written in a bold, black, sans-serif font, centered over the mountain graphic.

# Fitjar fjellsameige

## Årsmøte

Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Fitjar fjellsameige  
Torsdag 27. mai 2021 kl. 20.00  
i Fitjar Kulturhus.

Registrering frå klokka 19.15

### Sakeliste

- Sak 1: Godkjenning av innkalling, dagsorden og fullmakter
- Sak 2: Val av møteleiar og referent
- Sak 3: Val av to personar til å skrive under protokollen
- Sak 4: Styret si årsmelding for 2020
- Sak 5: Årsrekneskap for 2020 med revisjonsmelding og disponering av overskot
- Sak 6: Budsjett for 2021
- Sak 7: Styret sin arbeidsplan for 2021
- Sak 8: Fastsetjing av godtgjersle til styret
- Sak 9: Val av tillitsvalde i tråd med vedtektene.

Hotellet er stengt for tida, so av den grunn blir da ikkje middag på dette årsmøtet. Me håpar på å kunna invitera til ein jubileumsmiddag til hausten, ifbm med Fjellsameiga si 50 års feiring.

Skjema for endringar av personlege opplysningar/eigarskifte er å finna på heimesida vår: [www.fitjarfjellsameige.no](http://www.fitjarfjellsameige.no). Same stad finn de og gjeldande vedtekter og fullmakt-skjema. Me ber om at dei som har fått ny adresse i løpet av året melder frå om det.

Styret sender innkalling i posten til dei som kun har bede om dette alternativet. Alle andre får innkallinga på e-post. Sameigarar kan melda i frå på SMS eller e-post dersom dei ynskjer å få utlevert papirversjon av innkallinga når dei kjem på årsmøte.

### Vel møtt!

Fitjar, 3. mai 2021  
For styret i Fitjar fjellsameige

Lars Ove Rimmereid, leiar  
Tlf. 911 54 691  
E-post: [lars.rimmereid@haugnett.no](mailto:lars.rimmereid@haugnett.no)

## Sak 4: Styret si årsmelding

### Styret sitt arbeid i meldingsåret

Det har blitt halde seks styremøter sidan sist årsmøte . I tillegg har noko styrearbeid vore ordna via e-post og telefon. Dei største oppgåvene til styret har vore jaktorganisering og ferdigstilling av grindabygget ved Olstjørn.

### Økonomi

Økonomien i laget er framleis god. Året 2020 vart gjort opp med eit årsresultat på kr. 1.627.156,-(1.073.334,-). I månadsskiftet juni-juli vart kr.718.476,- (673.519) utbetalt til sameigarane. Dette var den delen av overskotet frå 2019 som etter vedtektene og årsmøtevedtak skulle betalast ut til eigarane. Det vert vist til rekneskapet for meir informasjon om økonomien i sameiga.

### Dyrkingsprosjektet

Det vart hausta 68 ballar på 1. slått. På 2. slått vart det hausta 77 ballar.

Dyrkingslaget har sett i gang ein konsekvensutgreiing for større areal for dyrking.

Dyrkingslaget har gjennomført konsekvensutgreiing for større areal, og har og fått tillatelse til å dyrka ca 300 mål meir i fjellet.

Slått	Antall ballar 2020	Antall ballar 2019
1.	68	101
2.	77	75

### Beiting

I løpet av beitesesongen var det med stort og smått vel 574 sauer og lam som hadde sommarbeite sitt i fjellet. Fitjar Beitelag gjer eit godt arbeid når det gjeld å leggje til rette, organisera og samordna beiteinteressene. Beitelaget og Fjellsameiga i samarbeid håpar å få til eit prøveprosjekt med beiting av storfe ved bruk av Nofence.

### Jakt

Jakta vart annonsert i bladet Sunnhordland.

Storvilt: Fjellsameiga fekk fellingsløyve på 18 dyr. Desse vart fordelt på fem jaktlag, eit meir enn tidlegare år.

Heile kvoten på 18 dyr vart skoten, med tillegg av to skrapdyr. Dyra vart felte over store deler av fjellet. Det vart meldt om mykje hjort i fjellet.

### Småvilt:

Det vart opna for harejakt ut februar, slik det har vore dei siste åra.

Det har og vore jakta på mår ved bruk av feller. Det er og observert revespor ved Svartavatnet, det er sett igong revejakt.

**Grunneigarane treng ikkje betala for å jakta småvilt i fjellet. Styret vil likevel be om at det vert skrive ut jaktkort, slik at dei grunneigarane som jaktar vert registrerte og at dei rapporterer inn resultatet når jakta er over.**

<b>Resultat av småviltjakta</b>	<b>Førebels tal</b>				
	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Selde jaktkort	63	50	47	52	59
Innleverte rapportar	63	50	47	32	52
Hare	23	10	13	8	17
Orrhane	30	12	19	3	22
Rugde og anna	17	10	7	9	8
Jaktdagar	246	192	210	98	333

### **Fiske**

Det er fritt fram for alle som ynskjer å fiska i vatna som ligg på fjellsameiga sin eigedom. Fjellsameiga har hatt båtar og garn tilgjengeleg for allmenn bruk ved Kidnavatnet og Botnavatnet. Det er lagt ut ny båt ved Klovskarvatnet i 2020. Styret jobbar med å få sett opp små skur ved båtane som skal brukast til å lagra garn og redningsvestar. I september vart det arrangert fjellfiskefestival med god deltaking og god fangst.

Antal deltakarar : 37

Fangst: 19 kg

### **Vindkraft**

2020 var første året den reforhandla avtalen vart sett i verk. Det vil sei at Fitjar Fjellsameige og private grunneigarar får 2,2 % av omsetjing frå netto kraftproduksjon i vindparken. Av dette tilfell 71,95 % Fitjar Fjellsameige.

Vinteren 2021 har Midtfjellet kjørt opp flotte skiløyper i fjellet. Det har vore rekordmange skiløparar, dette har resultert i utfordringar med parkering og trafikk.

### **Fuglehundprøvar og redningshundar**

I tråd med avtalen me har med Vestlandets Fuglehundklubb, vart det halde fuglehundprøvar på Fitjarfjellet hausten 2020. Prøven skal no tidlegast haldast første helga i oktober, slik at den ikkje kjem i konflikt med beite- og jaktinteressene. Hjortejegerane og dei som arrangerer fuglehundprøvane greier å tilpassa seg til kvarandre. Fuglehundklubben er ein organisasjon det er lett å samarbeida med.

Årets øving med redningshundar vart avlyst grunna glatte kjøreforhold.

### **Tiltaksplanen for fjellet**

Turløypa rund Olstjødnø er no ferdigstilt med lys og grusdekke. Denne turløypa er veldig mykje brukt, også på ski no på vinterstid.

Tiltaksgruppa har hatt eit møte der det vart diskutert parkeringsplass – utviding – asfaltering – merking

- Parkeringsplass, utviding
- Toalettfasilitetar
- Frisbeegolfbane, synfaring gjennomført.

## Grindabygget

Grindabygget ved Olstjødno er no ferdigstilt med skifertak på nordsida og solceller på sørsida. Huset vart og beisa. Det er innlagt straum. Huset eigna seg godt til bruk for arrangement som t.d. fjellfiskefestivalen.

Styret vil utarbeida ein instruks for bruk av bygget.

## Solkraft

Styret vedtok å investera i eit 5 kW solcellepanel til grindabygget. Dette vart installert i november 2020 I løpet av 2020 vart det produsert 80 kWt. Dette vart gjort for å danna eit bilete av solkrafttilhøva i fjellet.

## Andre hendingar i året

Navneskiltet på Fitjar Kommune sitt høgaste punkt: Fitjarhesten kom opp hausten 2020 i eit forrykande vær. Skiltet vart planta av ordførar og leiar i Fitjar Fjellsameige.

Det vart i 2019 montert ei rekkje informasjonsskilt på parkeringsplassen ved Olstjødno. Her har fjellsameiga sikra seg plass til å informera om ein del av aktivitetane våre. Styret jobbar med å få ferdigstilt dei siste informasjonsskilta ved Olstjødno.

## Framlegg til vedtak:

Årsmøtet sluttar seg til styret si årsmelding for 2020.

## Sak 5: Årsrekneskap for 2020 med revisjonsmelding og disponering av overskot

### FITJAR FJELLSAMEIGE Rekneskap for 2020

RESULTAT	2020	2019	Budsj. 2021	Budsj. 2020
Inntekt frå vindkraft	1 688 356	1 229 573	1 500 000	1 500 000
Vassrettar	48 045	47 495	49 000	48 000
Sal av jakt	92 680	81 750	75 000	80 000
Andre inntekter	17 500	11 400	10 000	10 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b><u>1 846 581</u></b>	<b><u>1 370 218</u></b>	<b><u>1 634 000</u></b>	<b><u>1 638 000</u></b>
Lønskostnad	42 175	68 050	50 000	65 000
Styregodtgjerdsle	27 000	26 400	30 000	30 000
Arbeidsgivaravgift	9 754	13 317	12 000	13 400
Rekneskap	21 569	19 206	20 000	20 000
Rådgjeving	39 687	82 970	30 000	50 000

Kontorutgifter	44 684	42 773	50 000	40 000
Annonser	10 424	6 838	15 000	10 000
Møter, kurs og likn.	14 575	36 908	40 000	40 000
Gåver			5 000	5 000
Andre kostnader	22 894	13 467	20 000	10 000
Tiltak i fjellet	-		-	100 000
<b>Sum driftskostnader</b>	<b><u>232 762</u></b>	<b><u>309 929</u></b>	<b><u>272 000</u></b>	<b><u>388 400</u></b>
<b>Driftsresultat</b>	<b><u>1 613 819</u></b>	<b><u>1 060 289</u></b>	<b><u>1 362 000</u></b>	<b><u>1 249 600</u></b>
Renteinntekter	<u>13 337</u>	<u>13 045</u>	<u>10 000</u>	<u>10 000</u>
<b>Resultat</b>	<b><u>1 627 156</u></b>	<b><u>1 073 334</u></b>	<b><u>1 372 000</u></b>	<b><u>1 259 600</u></b>

I årsrekneskapet legg styret opp til at overskotet vert disponert i tråd med § 11 i vedtektene. Summane kjem fram på denne måten:

- ✓ Skatt av overskotet etter netto dyrkingskostnad.  $(1.627.156 - 79.898) = 1.547.258 \times 22 \% = 340.396$
  - ✓ Avsetjing til driftsfond i tråd med vedtektene:
  - ✓ Avsetjing til tiltaksfondet,  $(1.627.156 - 340.396) = 1.286.760 \times 40 \% = 514.704$
  - ✓ Utbetaling til eigarane, 340.396 (skatt) og  $(1.286.760 - 514.704) = 772.056$  (restoverskot) = **1.112.452**
- (Summen som vert utbetalt til grunneigarane utgjer skatt og restoverskotet etter avsetjing til driftsfond og tiltaksfond)

## FITJAR FJELLSAMEIGE

### Rekneskap for 2020

Bruk av tiltaksfondet	2020	2019	Budsjett 2021
Kostnader med dyrking og gjerde	79898	45 200	
Båt til Klovskarvatnet og Kyrkjevatnet		18 236	25 000
Grindabygg	179871	211 841	100 000
Gåve til saueavlslaget		2 500	
Tilskot til idrettslaget (Stolpejakt i fjellet)	5000	10 000	10 000
Inmfotavle Stord/Fitjar Turlag	4935		10 000
Tilskot til tursti Olstjerna	100 000		
Fiskefestival			10 000

Skur for utstyr til båtutleie			30 000
Prosjekt Storfelbeiting			30 000
Avskrivning på skyteskive		24 999	
Heimasio			20 000
<b>Sum</b>	<b>369 704</b>	<b>312 776</b>	<b>235 000</b>

<b>BALANSE</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>
Elektronisk skyteskive	1	1
Aksjar i kulturhuset	1	1
Kundekrav		
Til gode m.v.a.	18 507	10 026
Påløpt inntekt	1 695 856	1 229 573
Kontantar		-
Sparebanken Vest	1 132 572	975 305
<b>Sum eiga</b>	<b><u>2 846 937</u></b>	<b><u>2 214 906</u></b>
Leverandørgjeld	123 056	31 750
Forskotstrekk	23 254	23 883
Skuldig arbeidsgivaravgift	9 832	13 325
Skuldig m.v.a		
Avsett, utbetaling til medl.	1 112 452	718 476
Driftsfond *(1)	310 000	310 000
Tiltaksfond *(2)	1 268 343	1 117 472
<b>Sum skuld og eigenkapital</b>	<b><u>2 846 937</u></b>	<b><u>2 214 906</u></b>

\*(1) Max størrelsen på Driftsfondet er etter vedtektene 250.000 i 2011 KPI justert til 2021 310.000

\*(2) max størrelsen på Tiltaksfondet er etter vedtekten 5 mill i 2011. KPI justert til 2021 6,2 mill

Revisjonsmeldinga vert lagt fram på årsmøte.

### Fråmlegg til vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner rekneskapet for 2020 slik det ligg føre, med eit overskot på 1.627.156,-.
2. Årsmøtet går inn for at overskotet vert disponert slik at kr. 0,- vert overført til driftsfondet, kr. 514.704,- vert overført til tiltaksfondet, og at resten, kr. 1.112.452,-, vert utbetalt til sameigarane.
3. Årsmøte sluttar seg til at det kan trekkjast kr. 369.704,- frå tiltaksfondet for å finansiera dei tiltaka som er lista opp i rekneskapet.

## Sak 6: Budsjett for 2021

I budsjettet for 2021 legg styret opp til at drifta i sameiga vert på om lag same nivå som den har vore dei siste åra. Det er lagt inn 100 000 til Grindabygget. Det er solcellene som vart fakturert i 2021. Budsjettet er å finna i tabellen under sak 5 (rekneskapet).

## Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til budsjett for 2021.

## Sak 7: Styret sin arbeidsplan for 2021

Kva	Korleis	Tid
Årsmøtevedtak og budsjett	Fylgja opp dei vedtak som vert gjort av årsmøtet og styra laget i tråd med godkjent budsjett og vedtektene til sameiga.	Heile året
Beiting	Leggja til rette for god beiting i fjellet. Sjå til at det er ei tenleg ansvars- og rolledeling mellom fjellsameiga og Fitjar beitelag I samarbeid med beitelaget sjå om det kan vera tenleg å setja opp meir gjerde i fjellet. Prøveordning Nofence for storfe.	I løpet av året
Fiske	Leggja til rette for Fitjar fjellfiskefestival. Sjå på evt. Kultiveringsprosjekt for å få betre tilstand på fiskebestanden i Botnavatnet. Få på plass informasjonsskilt om båtar og fiske. Setja opp eit garnheng/ skur til garn og redningsvestar ved dei vatna det ligg båtar.	Vår og sommar
Vindparken	Fylgja opp det som skjer i samband med vindparken. Fylgja med på kva som vert gjort og sjå til at laget sine interesser vert tekne vare på, og at alt skjer i samsvar med avtalen.	Heile året!
Tiltaksplanen	Delta aktivt i det vidare arbeidet med tiltaka i Tiltaksplanen for fjellet (ligg på <a href="http://fitjarfjellsameige.no">fitjarfjellsameige.no</a> ).	Heile året
Dyrking	Ha god dialog med dyrkingslaget for å få kunnskap og erfaring med dyrkingsarbeidet som er gjennomført og evt. sjå på framtidig dyrkingsarbeid.	Heile året
Fuglehundprøvar og redningshundar	Leiga ut områder i fjellsameiga til fuglehundprøvar og redningshundtrening i samsvar med inngåtte avtalar.	Haust, vinter og vår

Storviltjakt	Forvalta storviltet i fjellet, søkja om fellingsløyve på hjort og organisera utleige av hjortejakta på ein god måte.	Sommar og haust
Småviltjakt	Forvalta småviltet i fjellet og leggja til rettes for småviltjakt. Engasjera Tveit Regnskap til å selja jaktkort. Tilby brukarvenlege digitale løysingar for sal av jaktkort og rapportering. Ha dialog med ulike fagmiljø om jakt og god viltforvaltning.	Haut og vår
Grindabygget	Sjå til at grindabygget vert vedlikeholdt og haldt ryddigt innvendigt og utvendigt. Utarbeide ein instruks for bruk av bygget.	Heile året
Heimsida	Prøva å finna nokon som kan ha ansvar for nettsida, og oppdatera den.	I løpet av året

## Sak 8: Fastsetjing av godtgjersle til styret og andre tillitsvalde for 2021

Dagens satsar:

**Leiar:** Fast godtgjersle 17 000,- pr år

**Skrivar:** Fast godtgjersle 8 000,- pr år

**Møter kveldstid:** kr 500,- pr møte for styre og evt. varafolk som møter

**Møter på dagtid:** kr 350,- pr time

**Revisorgodtgjersle:** Fast godtgjersle 1000,- pr år

**Reisegodtgjersle:** Føl staten sine satsar for reiser innanlands og utanlands

Møtegodtgjersla/timesatsen skal og gjelda for andre som styret ber møta i diverse møter. Også for valnemndsarbeid.

## Framlegg til vedtak:

**Leiar:** Fast godtgjersle 20 000,-pr år

**Skrivar:** Fast godtgjersle 10 000,- pr år

Kveldsmøte: 600,-

Resten som før.

## Sak 9: Val av tillitsvalde i tråd med vedtektene Styret i 2020-2021



**Leiar** Lars Ove Rimmereid ( på val i 2021)  
**Styremedlem** Tone Koløen (på val i 2021)  
**Styremedlem** Kristian Skumsnes (på val i 2021)  
**Styremedlem** Reidar Kloster ( på val i 2022)  
**Styremedlem** Karl Andre Rydland (på val i 2022)

**Vararepresentantar for 2020-2021 har vore:**

1. Knut Vik (på val i 2021)
2. Ole Johnny Tufteland (på val i 2021)
3. Terje Peder Torland (på val i 2021)

**Revisorar**

**Revisorar for 2020-2021 har vore:**

Nils Andreas Brekke vald for 2 år i 2020( på val i 2022)  
Lars J Rydland, vald for 2 år i 2019 (på val i 2021)

**Vararevisorar:**

Kristen Rydland vald for 2 år i 2020 ( på val i 2022)  
Nils Magne Skumsnes, vald for 2 år i 2019 ( på val i 2021)

**Valnemnd**

**Valnemnd frå årsmøte 2020:**

Sverre Sæterbø, 1 år , leiar  
Johannes Nesse, 2 år  
Tore Sigurd Fitjar 3 år

**Framlegg frå Valnemnda**

**Leiar:** Lars Ove Rimmereid 1 år (Gjenval)  
**Styremedlem:** Kristian Skumsnes 2 år (Gjenval)  
**Styremedlem :** Tone Koløen 2 år (Gjenval)

1. Vara : Terje Peder Torland 1 år
2. Vara : Inge Andreas Waage 1 år
3. Vara : Knut Vik 1 år

**Revisor :** Nils Magne Skumsnes 2 år (Ny)

**Vararevisor:** Ole Sandvik 2 år (Ny)

Nytt **Valnemdsmedlem:** Oddvar de Fine

Valnemnda anbefaler å gå vekk frå eigne revisorar og bruka eit Revisorselskap.